

# opplæringskontoret Nordhordland

## Framlegg til rammebudsjett 2014:

Utgifter		Inntekter	
Lønnskostnader m.m.	Kr. 1.400.000,-	Lærlingetilskott	Kr. 6.100.000,-
Drift	Kr. 1.200.000,-	Andre inntekter	500.000,-
Overskott (til læreverksemdene)	Kr. 4.000.000,-		
<b>Utgifter</b>	<b>Kr. 6.600.000,-</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Kr. 6.600.000,-</b>

## **VEDTEKTER FOR OPPLÆRINGSKONTORET NORDHORDLAND**

Revidert på årsmøtet i mars 2011.

### **1. Organisasjon.**

Opplæringskontoret Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for verksemder i Nordhordland. Kontorstad er Knarvik i Lindås kommune.

### **2. Formål.**

Opplæringskontoret skal på vegne av medlemsverksemdene arbeida for kompetanseheving. Hovudoppgåva vert å koordinere og gjennomføre tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova og tilhøyrande forskrifter. Sentrale samarbeidspartnarar er skuleverket, fagopplæringskontoret og andre opplæringsinstansar.

### **3. Medlemer.**

Medlemer kan vere verksemder som åleine eller saman med andre kan verte godkjende av fagopplæringskontoret som læreverksemd. Nye medlemsverksemder søker medlemskap i Opplæringskontoret (eige skjema), og styret godkjenner desse før medlemskap er gyldig.

### **4. Årsmøte.**

Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av april.

Innkalling til årsmøtet skal skje skriftleg med minst 14 dagars varsel. Med innkallinga skal følgja årsmelding, rekneskap, forslag til budsjett og sakliste for årsmøtet.

Årsmøtet skal behandla:

- a) Styret si årsmelding.
- b) Rekneskap.
- c) Budsjett.
- d) Val av styreleiar, styrerepresentantar.
- e) Val av revisor, valnemnd på 3 personar.
- f) Utbetaling av opplæringstilskot/overskot
- g) Andre saker som styret legg fram, her under endringar av vedtektene.

Skriftleg kunngjering om årsmøtet vert sendt medlemsverksemdene 2 månader før årsmøtet. Saker som medlemsverksemdene ynskjer å fremja må vere styret i hende 4 veker før årsmøtet.

På årsmøtet kan kvar medlemsverksemd møta med to personar frå leiinga og to personar frå dei tilsette. Ved stemmegjeving har kvar medlemsverksemd ei røyst.

Årsmøtet avgjer alle saker med alminneleg stemmefleirtal, med mindre desse vedtektene har bestemt noko anna for særlege saker.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller 1/4 av medlemsverksemdene krev det.

## **5. Styret.**

Styret skal bestå av 6 medlemmer med personlege varafolk, alle valde på årsmøte. Av desse skal; 1 styremedlem koma frå LO Nordhordland, 1 frå skuleverket og 1 frå Nordhordland Handverk- og Industrilag, alle med personlege varafolk.

Funksjonstida for styremedlemane er 2 år. Medan leiar vert valt for eit år (jfr. punkt 4 d).

Styreleiar skal veljast frå ei av medlemsverksemdene. Og ved stemmelikskap har styreleiar dobbelrøyst.

Styret har det overordna ansvaret for drifta av kontoret.

Styret tilset dagleg leiar ved kontoret, og gjev leiaren dei naudsynte fullmakter.

Det skal vidare:

- kalla inn til årsmøte etter gjeldande vedtekter.
- leggja fram revidert rekneskap og framlegg til budsjett.
- leggja fram årsmelding.
- leggja fram innstilling til valnemnd og revisor.
- syta for at det vert utarbeidd styringsdokument for dagleg leiar (t.d. strategiplan)
- godkjenne søknader om medlemskap.

## **6. Opplæringskontoret si verksemd.**

Opplæringskontoret si oppgåve er å samordne og koordinere yrkesopplæringa i bedriftene, sikre at opplæringa skjer i tråd med gjeldande lovverk, og arbeida for at organisasjonen skal tilby kvalitativ god opplæring innafor dei faga me er godkjent i.

## **7. Medlemsverksemdene.**

Opplæringskontoret teiknar kontrakt med lærlingen. Før kontrakt vert inngått, må kontoret skrive opplæringsavtale med verksemda.

Medlemsverksemdene må setja kvalifiserte personar som ansvarlege for opplæringa (fagleg leiar).

Medlemsverksemdene har arbeidsgjevaransvar og betalar løn, feriepengar m.v. og held lærlingen trygda i den opplæringstida verksemda har teke på seg.

## **8. Økonomi.**

Opplæringskontoret sine inntekter er hovudsakleg offentlege tilskot.

Offentlege tilskot til lærlingane skal formidlast til opplæringskontoret. Årsmøtet fastset kor stor del av slike tilskot opplæringskontoret skal halde tilbake til dekking av drifta av kontoret. Resten vert overført til medlemsverksemdene med prosentsats av tildelt tilskot pr. lærling.

## **9. Møterett.**

Fagopplæringskontoret har møterett, talerett og forslagsrett på årsmøtet.

## **10. Endring av vedtektene.**

Endring av vedtektene kan berre gjerast av årsmøtet, og då med 2/3 fleirtal av dei frammmøtte. Framlegg til vedtektsendring skal sendast ut saman med innkallinga til årsmøte.

## **11. Utmelding.**

Utmelding må gjerast skriftleg til Opplæringskontoret innan 6 månader før året går ut, og får då verknad for det påfølgjande året.